

Formål:

Senioruniversitetet for Ytre Ryfylke, SUFYR, skal gi kunnskap og stimulera til samvær seniorar imellom på dagtid. Forelesingar ni gonger i året skal gi innføring i utvalde fag og emne, utan sikte på at det skal gi formell kompetanse. I tillegg kan det bli arrangert ekskursjonar/turar.

SUFYR er ei fri og uavhengig samanslutning som er ubunden i spørsmål om livssyn og politisk oppfatning.

Det første Senioruniversitetet starta i Frankrike i 1972 under namnet *Universitet for den tredje alder*. I Noreg starta ein i Oslo hausten 1982. SUFYR blei oppretta hausten 2004 i samarbeid med Strand bibliotek og Folkeuniversitetet/Friundervisninga i Strand med første forelesing i januar 2005. Initiativet blei tatt av Anne Karin Knutsen, Anna Elisabeth Helgesen og Kjell O. Hansen. Friundervisninga støtta SUFYR med kr. 10.000 i oppstarten.

Medlemskap

Det er høve til å teikna medlemskap for dei som ønskjer det. For medlemmene er forelesingane gratis. For andre kostar dei kr. 60.- kvar gong.

- * Enkelt medlemskap kr. 400,00
- * To med same adresse kr. 700,00

Det første styret:

Frå Hjelmeland : Jan O. Ommundsen og Knut Vadla
Frå Strand : Anne Karin Knutsen og Asgjerd Taksdal
Frå Forsand : Gunnvor Nedrehagen og Robert Olsen
I tillegg : Kjell O. Hansen, som har hatt ansvar for administrasjon/økonomi, og Anna Elisabeth Helgesen som har vore styreleiar i desse fem første åra.

Dette heftet er sponsa av Folkeuniversitetet Strand.

5 år med SUFYR

**Senioruniversitetet for Ytre Ryfylke
Hjelmeland – Strand – Forsand**

Program våren 2010 Litt historikk

- Det me ikkje veit, kan me ha vondt av!

Torsdag

2010

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

- 21.01.2010 **NB! I Klippen, Jørpeland:**
Bjørn Hansen, tidl. journalist og utanriksreporter:
Ett år og en dag med president Obama
- 18.02.2010 Bjørn Arild Ersland, etnolog og barnebokforfatter:
Bygdepolitikk. Hvordan skaper bygda sin egen politikk?
Årsmøte frå kl.1310
- 18.03.2010 John Gunnar Johnsen, fylkeskultursjef/historikar:
Ut og erobre verden. Hermetikkindustrien i Rogaland
- 15.04.2010 Henrik Syse, filosof: *Måtehold i grådighetens tid.*
- 27.05.2010 Ole Danbolt Mjøs, professor:
Arbeidet med Nobels fredspris for fred i verden

Når ikkje anna er oppgitt, vil forelesingane
bli haldne i Torghuset på Jørpeland kl. 1100

Styret har frå 5. februar 2009:

Frå Hjelmeland: Anders Tveit og Judith Henanger
Frå Strand: Jan Olav Myhre og Anne Karin Knutsen
Frå Forsand: Kjell Nedrehagen og Tora-Liv Thorsen
I tillegg: Kjell O. Hansen, Folkeuniversitetet Strand
og Anna Elisabeth Helgesen (leiar)

Torsdag

2005

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

- Agnete Tjærandsen, tidl.programsekr. i NRK:
Kunsten å bli gammel, uten å bli det
- Kolbjørn Hauge, forfatter: *Om sitt forfatterskap med utg.punkt i
krimbøkene "Over mitt lik", "Til jord skal du bli"*
- Åshild Ulstrup, journalist/forfatter: *På livet laust*
- Knud Helliesen, lektor: *1905/2005 - for eller imot unioner?*
- Thomas Chr. Wyller, professor: *Frigjøringen på Grini i 1945*
- Martin Bekkeheien, tidl. konsernsjef i Statoil:
*Utviklingen av norsk sokkel i geologisk, politisk, markedsmessig og
industrielt perspektiv*
- Erik Fossåskaret, førsteamanuensis: *Kulturskifte i Ryfylke*
- Elin Austlid, psykologspesialist: *Besteforeldrerollen i vår tid*
- Sven Egil Omdal, kulturredaktør i Stavanger Aftenblad:
Makt og media
- Per Andersen, professor dr.med.: *Hjernen – en utrolig maskin*

Frammøtet:

Til første samlinga venta ein kanskje 30–40 seniorar - i eit
hjørne av biblioteket? Heldigvis bestilte ein kinosalen til
13. januar 2005. Det møtte fram om lag 150!
Seinare har frammøtet blitt større for kvart år - oftast kjem
mellom 150 og 200 tilhøyrarar.

Torsdag

2006

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

Peter F. Hjort, pensjonert professor dr.med.:
Om å eldes før, nå og i fremtiden. Finnes det en resept på det gode liv under aldringsprosessen?

Øyvind Dahl, professor:
Å forstå og bli forstått. Interkulturell kommunikasjon

Kåre Berg, siv.ing.:
Nanoteknologi - kan gjøre det umulige mulig?

Tor Obrestad, forfatter:
Alexander L. Kielland – liv og forfatterskap

Sigrid Bø Grønstøl, litteraturforskar/forfatter:
Månen den gule – poesi og magi ved leggetid. Er godnattsongen starten på all song i verda?

Ole Bjørn Rongen, førsteamanuensis:
Kina: Noen nøkler til å forstå en gammel sivilisasjon

Reidun Sirevåg, professor:
Kloning og genetik - velsignelse eller trussel?

Knut Jørgen Røed Ødegaard, astrofysikar:
Astronomiens forunderlige verden.

Lars Gaute Jøssang, førsteamanuensis:
Fossestryk, Nansen-stål og fabrikkby - Jørpeland og Ryfylke i industrialismens malstrøm

Ta med venner, naboar og kjente

som du trur kan vera interesserte i forelesingane. Mange finn det lettare å delta på arrangement når dei kan reisa saman med nokon. Alle er velkomne, uansett alder!

Torsdag

2009

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

Jakob-Øyvind Reinertsen, rektor/humorolog:
- Varer vi lenger når vi ler? Om humor og helse.

Inge Bø, professor: *Se opp for maktmennesket.*
Om ideologisk hjernevask, tankekontroll og religiøs forføring.

Birger Lindanger, historikar/1.amanuensis:
Ryfylke og den store mannedauen

Ragne Hauge Harviken, museumspedagog:
Romanifolket – et reisende folk og en glemte minoritet

Roald E. Kristiansen, forfatter/førsteamanuensis:
Mange religioner, men bare en Gud? Mange mennesker tror bare på en gud – hvorfor da så mange religioner og trosretninger?

Even Lærum, professor dr. med.: *Frisk, syk eller bare plaget?*

Frank Aarebrot, professor:
- Spiller det noen rolle hvem som vant valget?

Ingeborg Moræus Hanssen, skribent/tidl. kinodir. i Oslo:
Livet i den 3. alder – en forpliktelse og en glede

Njål Kolbeinstveit, samfunnsøkonom/økonomisk rådgjevar:
- Kan finanskrisa gje erfaringer nordmenn særleg grunn til ettertanke?

Engwall Pahr-Iversen, journalist:
Lokalmediene som identitetsbygger

Drøsen:

Ein god drøs høyrer med når ryfylkingar kjem saman. SUFYR samarbeider med Dagsenteret i Torghuset, og her blir det ordna med kaffi og kringle til pausen kl 1200.

Torsdag

2008

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

Kari G. Førre, rådgjevar/prosjektleder ved UIS:
Livsførselen blant de norske utvandrere til Amerika med særlig vekt på det religiøse engasjement.

Hanne Thomsen, landskapshistorikar:
Landskap i endring - Rogaland i fortid og nåtid

Hans Kr. Amundsen, sjefredaktør i Nordlys:
Triksing og svindel blant maktmennesker.

Kåre Berg, siv.ing.:
Klimaforandringer - vår skyld? Hva kan gjøres?

Jarl Munch, NRK-korrespondent:
- Midtøsten - makt, vann og van(n)makt

Karin Berg, museumsdirektør: *Fridtjof Nansen og hans kvinner*

Arne Fliflet, sivilombudsman:
*Sivilombudsmannen – mellom menigmann og myndighet.
Eksempler fra sitt arbeid/fra klagearkivet.*

Heidi Hjorteland Wigestrang, journalist: *Ryfylkingar er ikkje som andre fylkingar! "Feltstudiar" frå ein journalist i Indre Ryfylke.*

Torbjørn Færøvik, forfatter/journalist: *Kina – ei reise på livets elv.
Yangtseelva frå havet til elvekilden i Tibet.*

Det kostar, både med forelesar, Torghus og annonser. Sidan SUFYR ikkje får offentlig støtte, er ein avhengig av eit visst medlemstal for å kunne halde ei sikker drift. Stadig fleire melder seg inn, og i 2009 har 115 betalt medlemskap.

Torsdag

2007

1100

SUFYR

1200

1300

Program:

Tora Aasland, fylkesmann: *Oppgaver og utfordringer for Ryfylke og Rogaland framover. Fylkesmannens rolle.*

Lars Helle, redaktør i Dagbladet: *Avishverdagen vår*

Jan Opsal, dosent i religionsvitenskap: *Hva er egentlig islam - om fellestrekk, mangfold og spenninger, med særlig vekt på kvinnesyn og kvinneroller innen islam.*

Jacob Jervell, professor: *Det moralske Norge, kulturskifte, moral-krise og samfunnsoppløsning?*

Tore Sandberg, privatetterforskar: *Justismord i Norge. Endelig renvasket. Men du skulle fått oppleve det, Fritz.*

Tommy Sørbø, kunsthistorikar og forfatter: *Galskapen i kunsten - fra Hertervig til dagens kroppskunstnere*

Jahn Otto Johansen, forfatter: *Den tyske pasient - tyskerne må ta en beskjed medisin - må vi det også?*

Avlyst!

Arne Johannesen, leder Politiets Fellesforbund: *Kriminaliteten kostar årleg Noreg over 100 milliardar kroner. - Kvifor satsar ikkje politikarane meir på å redusera kostnaden?*

Jørg Eirik Vaala, dir. for Stiftelsen Utstein Kloster: *Klosterliv i middelalderen - fest eller faste? - Hva vet vi om dagliglivet til munkar og nonner?*

Programmet: Styret prøver å finne varierte emne av allmenn interesse, f. eks. aktuelle samfunnsprospørsmål, historiske emne og forfatterskap, og temaet *det å bli eldre* høyrer sjølsagt med! Og så langt har ein vel lykkast rimelig bra?